

Tiltak som er sett i gang i Hordaland fylkeskommune

Kompetanseheving

Yrkesretting av fellesfag – FYR (Blir nærare forklart under)

300 lærarar blir kursa i perioden 2014 - 2016. Dei 93 første frå 8 skular var i Oslo hausten 2014. I tillegg til lærarane var det 1 frå leiinga på kvar skule som var med på siste del av kurset. Våren 2015 var det ein 4. skuleringsdag lokalt i Bergen. Hausten 2015 er det om lag 90 nye lærarar og 10 nye skular som blir skulert og dei siste skulane kjem med i 2016.

Grunnleggande ferdigheiter

Tilbod om skulebasert kompetanseheving for heile eller delar av personalet. Kursdeltakarane får kunnskap og kompetanse i lesing og leseopplæring på tvers av fag, og auka medvit om dei lese- og skrivekompetansar som blir kravd i ulike fag og yrke. Det er eit viktig mål at kurset skal setje varige spor i praksis. Det er 5 skular som har vore med i opplegget, og det er 4 nye skular som har søkt om støtte neste skuleår.

Kursa og rettleiinga i etterkant har vore arrangert av NLA Høgskolen og Høgskolen i Bergen.

Tilbakemeldingane frå lærarane som har tatt denne etterutdanninga er svært gode. Dei melder at kursrekka har gitt dei ei «leseverktøykasse» som dei kan nytte til å tilpasse undervisninga til den einskilde elev.

Styrking av grunnleggande ferdigheit er ei satsing som er forankra i [Stortingsmelding nr. 20 «På rett vei»](#).

Om lag 1000 lærarar har delteke på mindre kurs i grunnleggande ferdigheiter i regi av Kunnskapsdepartementet.

Kompetanseheving av lærarar som underviser minoritetsspråklege elevar

Styrking av tilbodet til minoritetsspråklege elevar med kort butid i Noreg. Om lag 20 lærarar gjennomførte opplæringa i regi av Høgskulen i Bergen 2014/2015

Overgang frå grunnskulen - identifisering og kartlegging i samarbeid med kommunane

Systematisk samarbeid med kommunane

Sjølv om Ny-Giv prosjektet er avslutta, kjem det fortsatt informasjon frå kommunane om elevar som har vore med i NY-Giv prosjektet i grunnskulen. Desse elevane blir merka som Ny-Giv elevar i inntakslista slik at skulen er informert og kan ha eit ekstra blikk på dei. Det viser seg at mange av elevane er på eit karakternivå som gjer at dei elles ikkje ville blitt "fanga" opp.

Hordaland fylkeskommune samarbeider med kommunane om kommunevise resultat på gjennomføring

<p>Styrke og tydeleggjere krava til leiarrolle i arbeidet med identifisering, kartlegging og oppfølging for å nå målet om auka gjennomføring</p>	<p>Leiinga ved skulane må særleg sjå til at skulen har eit effektiv system* for tidleg identifisering og tett oppfølging av:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevar med informasjonsskjema • Elevar med låge inntakspoeng • Elevar som gjer omval • Elevar som har stryk/IV frå tidlegare år • Elevar sitt fråvær • Elevar som har stryk/IV til første termin • Minoritetsspråklege elevar med kort butid <p>Fylkesdirektør opplæring fekk utarbeidd eit rettleingsdokument "<i>Blikk for alle, fokus på den enkelte</i>". som set tydeleg krav til leiinga om kartlegging og oppfølging av elevane. Rettleiinga blir følgd opp i styringsdialogen med skuleeigar, og fylkesrådmannen vurderer dette til eit svært viktig tiltak på lang sikt.</p> <p><i>*Med system forstås ein at skulen t.d. har årshjul, rutinar, handlingsplanar og møteplanar som er kjent for alle og som har som mål å sikre at alle drar i same retning for å auke gjennomføringa.</i></p>
<p>Rådgjeving og overføringsmøter</p>	<p>OT/PPT arrangerer årlege møte med rådgjevarar og PPT-grunnskule der dei går gjennom elevar som er tatt inn på særskilt tilrettelegging.</p> <p>Mange skular har og eigne overføringsmøte med grunnskulen, og det er også vanleg at dei inviterer elevane inn til skulen om våren.</p> <p>Det blir arrangert eigne informasjonsmøte om tilbodet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for minoritetsspråklege elevar og deira føresette i mars kvart år. Årleg ca 160 deltakarar.</p>

Kartlegging og oppstart av eit tilpassa opplæringsløp

<p>Kartleggingstestar</p>	<p>Alle elevane på VG1 blir kartlagt med ulike kartleggingsverktøy i faga engelsk, norsk og matematikk. Føremålet med kartleggingsprøver er å undersøkje om det er enkeltelevar som treng ekstra oppfølging i ferdigheiter og fag.</p>
<p>Startsamtalar</p>	<p>Skulane gjennomfører startsamtalar med alle nye elevar. Gjennom desse samtalan vil kontaktlærarane få eit godt bilete av elevane og eventuelle utfordringar dei måtte ha.</p>

Konkrete tiltak retta mot ulike målgrupper

<p>Studieverkstad</p>	<p>Studieverkstad blei etablert på to store skular i samarbeid med OT/PPT som ei utprøving i 2007. Studieverkstadane er no etablert som eit tilbod på meir enn halvparten av dei vidaregåande skulane i Hordaland. Organiseringa varierer frå skule til skule, men i hovudsak blir det gitt eit tilbod om individuelt tilpassa/differensiert opplæring i mindre grupper, i fellesfag som norsk, matematikk, engelsk og kroppsøving etter behov. Minoritetsspråklege elevar får oftast tilbod om forsterka opplæring i norsk. Fleire skular har også tilbod om kurs i studieteknikk og intensivkurs i samband med heildagsprøver, tentamen og eksamen.</p> <p>Eleven blir søkt inn via faglærer eller kontaktlærer etter kartlegging, mange skular har skriftleg søknad og inngår ein skriftleg avtale med eleven. Varighet varierer også, vedtak blir gitt for kortare eller lengre periodar.</p> <p>I hovudsak er tilbodet etablert som eit tiltak for elevar med svake resultat, men</p>
-----------------------	--

	<p>nokre få skular gir også tilbod om forsterka opplæring til elevar med gode resultat.</p> <p>Skulane har årleg fått ekstra midlar til utvikling av dette tilbodet. Omfanget av elevar på studieverkstader ligg på rundt 12-1300 elevar årleg. Skulane melder om gode resultat, dei har reduserte tal på sluttarar, IV og stryk blant deltakande elevar. Eit anna resultat er at talet på elevar med spesialundervisning er redusert.</p>
Minoritetsspråklege elevar	<p>Innkjøp av lisens til «Veien fram» som er eit nettbasert læremiddel i norsk for minoritetsspråklege elevar. Fylkesdirektør opplæring er usikker på om dette programmet blir brukt. Dette er noko som må settas større merksemd på ovanfor skulane.</p> <p>I Hordaland er det totalt 10 innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar. Om desse elevane går over til ordinære klassar og gjennomfører vidaregåande opplæring, er det ikkje mogleg å finne ut på grunn av personvernet til den einskilde elev.</p> <p>Styrka ressurs for å følgje minoritetsspråklege elevar i overgangen til lære.</p>
Tiltak for elevar i påbyggklassar	<p>Elevar som har søkt Vg3 påbygg og har stryk i inntil to fag, enten fellesfag eller programfag kan få ekstra støtte for å ta ny og utsatt eksamen til jul. 7 skular har fått midlar til forsterka pedagogisk tilbod på påbygg med større trykk på vurderingspraksis.</p> <p>Skulane melder tilbake at det er vanskeleg å motivere elevane til dette tilbodet fordi det er timar som kjem på toppen av ordinær undervisningstid, og elevane ønskjer ikkje å få meir opplæring i fag dei allereie slit med. Tiltaket går likevel vidare neste skuleår.</p>
Leksehjelpen	<p>I skuleåret 2013 -2014 var det 10 leksehjelptiltak i Hordaland i samarbeid med raudekross. 4 tilbod var i Bergen sentrum og 1 tilbod i Åsane, Fana, Askøy, Øystese, Bømlo og Voss. I snitt er det omlag 150 elevar som nyttar tilbodet kvar veke, og det er 88 personar som stillar opp som frivillige.</p> <p>Det er ikkje mogleg å måle tiltaket, men om ein reknar med at det er omlag 700 elevar som har fått hjelp dette året, må ein rekne det som eit vellykka tiltak.</p>
Nettundervisning	<p>Hausten 2016 blir det sett i gang nettundervisning for minoritetsspråklege elevar som treng særskilt norskopplæring. Her får dei opplæring i norsk tilpassa elevar med kort butid i Norge. Det er ikkje karakterar eller eksamen på kurset.</p>
Sommarskulen	<p>Sommarskulen blei arrangert for 9. gong dette året. I år blir sommarskulen arrangert i: Bergen, Askøy, Stord og Knarvik og det var 45 elevar som deltok. Undervisninga er i matematikk. Målgruppa er elevar som ikkje har bestått. Pga organisering er det berre elevar på yrkesfag som kan ta eksamen.</p> <p>På dei 9 åra har det vore 594 elevar som har deltatt på sommarskulen. Det er 250 som har tatt eksamen og det er 170 som har bestått.</p>

Konkrete tiltak i fag- og yrkesopplæringa

Vekslingsmodellen	<p>Elevane startar læretida i løpet av første året i vidaregåande skule (Vg1), og tar teorien som modular i løpet av læretida. For skuleåret 2014/15 er dette eit prøveprosjekt i betong-/ eller tømmerfaget for inntil 15 elevar og i helsearbeidarfaget-eller barne- og ungdomsarbeiderfaget for inntil 22 elevar.</p> <p>Resultatet kan målast først når elevane har fullført opplæringa i 2017.</p>
Styrking av samarbeidet skule - arbeidsliv	<p>Det er oppretta eit opplæringskontoret for tilrettelagt fagopplæring for heile Hordaland, Ok AMB. Opplæringskontoret skal vere med å formidle ungdommar som elles vil slite med å fullføre opplæringa på eige hand. Ok AMB er eigd av arbeidsmarknadsbedriftene i Hordaland. Hordaland fylkeskommune er deltakar i prosjektet på forvaltningsnivå, og skal sikre at prosjektet heng saman med andre prosjekt.</p> <p>Prosjektet har som mål å utvikle, utvide og formalisere betre samarbeids-relasjonar mellom opplæring i skule og lokalt arbeidsliv, og slik skape nye og varige samarbeidsarenaer i Hordaland. Tiltaket har óg som mål å hjelpe fleire ungdommar ut i lære, og til å fullføre opplæringstida gjennom felles rettleiingsinnsats frå dei ulike partane.</p>
Lærekandidatordninga	<p>Ein lærekandidat siktar mot arbeidsoppgåver innanfor ein avgrensa del av læreplanen. Variasjonane kan vere store frå kandidat til kandidat. Nokre kan nå alle måla i VG3 læreplana, mens andre kan ha ei måloppnåing på døme 50 %. Det er mogeleg å gjere om ein opplæringskontrakt til ein lærekontrakt og omvendt undervegs i læreløpet. .</p>
Praksisbrev	<p>Det er planar om sette i gang med praksisbrev med eit kompetansebevis som er mindre omfattande enn fag- eller sveinebrev. Dette er ei forsøksordning initiert av UDIR og er spesielt retta mot dei som ønskjer ei meir praktisk vidaregåande opplæring. Praksisbrev er ein grunnkompetanse, som kan byggas vidare til fag- eller sveinebrev.</p>
FYR- yrkesretting av fellesfaga	<p>FYR-prosjektet starta hausten 2011 og var i utgangspunktet eit sideprosjekt til Ny-GIV. No er det eit eige prosjekt under UDIR fram til 2016. FYR-prosjektet skal sikre at elevar i yrkesfaglege utdanningsprogramma får ei opplæring i fellesfaga matematikk, norsk, engelsk og naturfag, som blir opplevd som relevant for skulekvardagen, og er yrkesretta mot framtidig arbeidsliv. Gjennom UDIR er det tilsett 4 FYR-koordinatorar, ein i kvart av fellesfaga. Desse 4 koordinatorane skal vere med å bidra til ei god spreiding i Hordaland.</p>
Konferansen "Rett kompetanse"	<p>Årleg konferanse blir arrangert i samarbeid med partane i arbeidslivet. Målet er å stimulere til vidare samarbeid mellom vidaregåande opplæring og arbeidslivet.</p> <p>Det er om lag 200 deltakarar kvart år på konferansen.</p>
Påbygg for elevar som er ferdig med læretida	<p>For å sikre at fleire vel fagbrev som utdanningsløp og minke talet på elevar som vel påbygg til generell studiekompetanse etter VG2.</p>
Ressursteam for fagopplæring	<p>Samarbeid med Bergen Kommune for lærlingar som er tilsett i kommunen. Målet er å førebygge fråvær, tilrettelegging av opplæringa og auke gjennomføringa.</p> <p>Ressursteamet har vært et forsøksprosjekt, og evaluering viser at fleire av målsettingane er oppnådd og at prosjektet kjem til å fortsette neste år.</p>

Kvalifiseringsprogram	<p>«Kick off» på Stord og i Bergen for elevar som hadde søkt, men ikkje fått læreplass. Dei får opplæring i CV-skriving og førebuing til intervju. Arbeidslivets krav til kompetanse, endringsvilje og å ta ansvar for eiga utdanning og eige liv, var og sentrale tema.</p> <p>170 ungdommar møtte til læreplasskurset i juni. Fleire opplæringskontor og lærebedrifter var til stades for å gi råd og ta i mot søknader. Det vart gjort fleire avtaler om intervju og vidare kontakt. Deltakarane er registrerte.</p> <p>Resultat er ikkje mogeleg å måle enda.</p>
Vegen vidare for å få læreplass	<p>11 elevar frå Sunnhordaland og Bergensregionen vart inviterte med på ein Camp på Dale Oen Experience i Øygarden. Vegen til læreplass vart gjennomført på tre dagar. Målet var motivasjon og bevisstgjerung rundt personleg meistring og motivasjon – slik at dei sjølv skulle ta det avgjerande steget for å få seg ein læreplass. Kurset skulle óg gi deltakarane auka kompetanse om det å søke læreplass, gi innsikt i kva bedriftene forventar og korleis ein møter desse krava.</p> <p>Dag 3 i kurset var lagt opp med «speed intervju». Alle som deltok på kurset fekk minimum møte to bedrifter innafor eige fag.</p> <p>9 elevar fekk læreplass og 2 byrja på påbygg.</p>
3 månaders læreplasskurs	<p>Eit anna tilbod var eit 3 månaders læreplasskurs. Målet var å skaffe læreplass til kvalifiserte søkjarar som ikkje var formidla pr 15.8. Kurset skal kvalifisere ungdommar for å få læreplass, auke gjennomføringa og systematisere arbeidet med formidling.</p> <p>Senter for Sysselsetting A/S var leigd inn for å gjennomføre læreplasskurset. Manglande teori og komplettering av fag vart kjøpt gjennom A2g LINK. Sentrale tema i kurset var motivasjon og bevisstgjerung, arbeidslivskompetanse, arbeidspraksis og komplettering av fag.</p> <p>Status er at 8 av dei 17 deltakarane har fått læreplass. Dei andre er vidare i arbeidspraksis med sikte på læreplass. 1 av desse vil få seg læreplass etter praksisperioden.</p>
Vegen tilbake for dei som har slutta	
#GAME-PLAN	<p>#GAMEPLAN er eit gruppetilbod som vert drive av OT. Målsetjinga er å avklare ungdom som treng tett oppfølging og ikkje er klar for andre tilbod, og er ein prekvalifisering før avklaring og klargjering. Tilbodet har vore i gang i 8 månader, og 26 ungdommar har delteke. Av desse har 17 gått vidare til andre tilbod som Hyssingen produksjonsskule og Ungdomsmottaket i NAV, fem har søkt om aktivitetar utanlands. To har gått vidare i eit behandlingssystem, og det er berre ein som ikkje har planar for vidare aktivitet eller skule.</p>
Hyssingen produksjonsskule	<p>Hyssingen produksjonsskule skal gje ungdom under 21 år motivasjon, moglegheit og kompetanse til å gjennomføre ei vidaregåande utdanning eller klare seg på arbeidsmarknaden. Hyssingen sine verkstadar vil ha ein reell produksjon og levere varer og tenester til eksterne kundar.</p> <p>Det er etablert eit tverrfagleg ressursteam med representantar frå PPT (psykolog), OT, Fagopplæring og tilsette på Hyssingen. Talet på ungdom i Hyssingen har til no vore mellom 20 og 30.</p>

Ungdomsmottaket i Bergen	NAV sitt Ungdomsmottak i Bergen har vore eit samarbeid i med OT i Ny Giv satsinga sidan 2011. Satsinga skal sikre eit alternativt tilbod så tidleg som mogleg og hindre tilleggsproblematikk. Ungdomsmottaket er eit arbeidsretta tiltak, og deltakarane må være avklart i forhold til helse, motivasjon og modenheit for å kunne stå i et arbeid/tiltak. Andre tiltak frå NAV er i hovudsak praksisplassar.
Aktiv ungdom	OT samarbeider med Regionalavdelinga i fylkeskommunen om tilbodet Erasmus+ og Aktiv Ungdom. Sidan oktober 2014 er det sendt 15 ungdommar til utlandet gjennom Aktiv ungdom. Ein av medarbeidarane i OT er fast kontaktperson mot deltakarane, og OT følger opp undervegs og i etterkant av opphaldet.
Korte kompetanse-givande kurs	Korte kompetanse-givande kurs er enkeltkurs for dei som kan få praksisplass eller arbeid i samarbeid med OT, bedrift og eventuelt NAV, og der kurset er ein inngangsbillett til plassen. Kursa er finansiert av fråfallsmidlar frå fylkeskommunen. Talet på kursa varierer årleg mellom 5 og 10.
Truckførarkurs på Hjeltnes vidaregåande skule	Tilbod over to veker 4 gonger pr år. Det er plass til 8 ungdommar på kvart kurs. Målet er å gjere ungdommen kvalifisert for arbeid innan bedrifter som krev truckførarsertifikat. Her bur dei på skulen sitt internat under opphaldet. Kurset vert finansiert av fråfallsmidlar frå fylkeskommunen.
Avklarings-samtaler for skulesluttarar	Føremålet med samtalen er å leggje til rette for ei tidlegare og meir forpliktande oppfølging av ungdom som kan falle ut av opplæring og arbeid. Samtalen skal motivere og realitetsorientere ungdommen, og OT skal gi rettleiing og informasjon om dei moglegheitene som finst. Det skal lagast ein oppfølgingsplan. OT skal følge ungdommen opp vidare. Tal på avklaringsamtaler for skuleåret 2014/15 var 497 (tal pr. 15.06.15)
Studieverkstad Årstad vidaregåande skule	OT har inngått ei avtale med Årstad vidaregåande skule om å ta inn OT-ungdom i studieverkstad. Ut frå behov skjer det eit kontinuerleg inntak gjennom skuleåret. Plass på studieverkstaden kan kombinerast med andre tilbod, til dømes praksisplass. Opplegget viser gode resultat og styrker OT-ungdommen.

Statistisk oppfølging

Eit av forskingsresultata etter Ny-Giv var at fylkeskommunane hadde for lite kjennskap til å bruke statistisk metode for å kartlegge og jobbe systematisk med elevane sitt læringsmiljø og utvikling.

PULS	Hordaland fylkeskommune har kjøpt inn PULS til alle skulane. Puls er eit analyseverktøy som set saman ulike tabellar mellom anna i elevundersøkinga. I PULS har og skulane moglegheit til å halde seg oppdatert om sluttarar og karakterutvikling slik at dei har moglegheit til å jobbe meir systematisk med utviklingsarbeid og elevane si utvikling.
	I mai 2015 blei det arrangert eit to-dagars kurs i bruken av PULS for skuleleiarar. Det var 51 deltakarar fordelt på 42 skular.
	Fagopplæringskontoret har også tatt i bruk PULS, i første omgang til læringundersøkinga og lærebedriftundersøkinga. Opplæringskontora vil også etter kvart bruke dette verktøyet. Desse vil bli kursa i programmet i september 2016.